

---

**Fra:** Fjetland Elin <elin.fjetland@vegvesen.no>  
**Sendt:** 8. juli 2015 14:09  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Linda Hammersvik Folkestad  
**Emne:** Revidering av fylkes- og kommunal vegliste Hordaland 2015 1. utgåve - Lindås kommune  
**Vedlegg:** Brev til alle kommunar i Hordaland.pdf; Vedlegg Forklaringar.docx; Lindås-1263-kv.xlsx

Hei!

Tida er komen for ein gjennomgang av kommunale vegar når det gjelder endringar på vegnettet (aksellast, vogntoglengde, nye vegar m.m.).

Vedlagt følger utskrift av dei opplysningar som ligg i NVDB (nasjonal vegdatabank).

Ber om melding attende på vedlagte Excel-ark om det er endringar på vegnettet (vel Aktiver redigering for å endra). **OBS! Ber om at det vert sendt ei tilbakemelding innan fristen sjølv om det ikkje er endringar.**

**NB! Sjå spesielt avsnitt vedr. tømmertransport i rettleiing og forklaringar (vedlagt).**

**NB! Endringar av vegnr. må sendas Statens kartverk (sjå side 2 i brevet), Statens vegvesen kan ikkje endra anna enn bruksklasse, strekning og vogntoglengde.**

Nye veglister er forventa gyldig fra 15. oktober 2015 og bør difor være kunngjort innan 1. oktober 2015.

Treng tid til samordning og oppdatering av NVDB, endringar bes derfor sendt Statens vegvesen v/Elin Fjetland snarast mogleg men seinast **innan 15. september 2015.**

Vedlegg:

[Fylkes- og kommunal vegliste 2015 1. utgåve - Hordaland](#)

[Riksvegliste 2015 1. utgåve](#)

[Forskrift om bruk av kjøretøy kap. 5](#)

**Aksellastretriksjonar i teleløysinga:**

Statens vegvesen ønskjer å gi ei påminning om rutinane for saksgangen ved innføring av aksellastretriksjoner på kommunale vegar i teleløysinga.

Kommunane har heimel til å innføre restriksjonar på kommunale vegar. Vegane blir ikkje lenger tatt inn i fylkes- og kommunal vegliste, men det kan utarbeidast ei oversikt over vegar med restriksjonar som kan leggjast ut på kommunen sin heimeside. Kommunen har tre moglegheiter for nedsetjing av aksellast i teleløysinga (1. Lokal forskrift om nedsett aksellast, 2. Rene skiltvedtak med heimel i skiltforskriften og 3. Lokal forskrift om nedsett bruksklasse). Statens vegvesen meiner at 1. Lokal forskrift om nedsett aksellast bør nyttast:

**Lokal forskrift om nedsett aksellast:** Slik forskrift gis med heimel i [vegtrafikklova § 7 andre ledd](#), med dei avgrensingar som følgjer av [forskrift om bruk av kjøretøy 5-14 nr. 2](#). Slik forskrift gjeld berre for den eller dei strekningane som er angitt konkret i den lokale forskrifta. Det er fullt mogleg og ta med unntak i forskrifta. Slike unntak er formelt sett ikkje underlagt nokon avgrensingar når det gjeld kva transportar forskrifta skal gjelde for, men husk likebehandling i samsvar med forvaltningslova.

- Kommunen fattar midlertidig forskrift og sender denne til Lovdata <https://lovdata.no/lovtidend/kunngjoring/ltii/nn>
- Kommunen sett inn annonse lokalt med opplysningar om innføring av aksellastrestruksjonar og lister opp eventuelle unntak (rutegående transport, fôrbil, melkebil, renovasjon og liknande) og informerer om restriksjonane på opplysningskilt
- Kommunen melder frå til Statens vegvesen og VTS på tlf. 175 om innføring og oppheving av restriksjonane
- Statens vegvesen utsteder dispensasjon på riks-/fylkesveger samt på kommunale vegar, hvor aksellasten er redusert i teleløsningsperioden (§ 5-14 i forskrift om bruk av kjøretøy)
- Statens vegvesen skal fatte vedtak om dispensasjoner i samråd med kommunen
- Statens vegvesen samkjører holdning og praksis for godkjenning av dispensasjoner
- Statens vegvesen sender kopi av dispensasjon til kontaktperson i kommunen og transportøren
- Statens vegvesen melder vidare til andre (Rø Landsdekkende, VTS og lignende) om transporter som har fått dispensasjon

Spørsmål eller kommentarar kan rettes til underteikna (har ferie frå 20. juli til 16. august).

Med helsing  
Elin Fjetland

Seksjon: Byggherreseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kontoradresse: Lagårdsveien 80, STAVANGER

Telefon: +47 99268100 Mobil: +47 99268100 e-post/Lync: [elin.fjetland@vegvesen.no](mailto:elin.fjetland@vegvesen.no)

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) e-post: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?